

## Nasjonalt fagråd for historie

Historisk institutt  
Universitetet i Bergen  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Telefon : 55582300  
Telefaks: 55589654  
e-post: [hi@hffa.uib.no](mailto:hi@hffa.uib.no)



Forsknings- og utdanningsdepartementet  
Postboks 8819 Dep.  
0032 Oslo

### Høyringsfråsegn til "Sammen om kunnskap II" frå Nasjonalt fagråd for historie

Dei nasjonale fagråda er ikkje høyringsinstans for meldinga "Sammen om kunnskap II", men Nasjonalt fagråd for historie ønsker likevel å gi nokre kommentarar til innsillinga og håper dei kan bli tatt med i dei vidare vurderingane.

Først vil vi uttala at vi ser det som positivt at formidling blir løfta fram i eit resultatbasert finansieringssystem som til nå bare har tatt omsyn til undervisning og forskning. Det er viktig at vitskapen også blir brukt og får samfunnsmessig betydning i breiare forstand, i høve til det allmenne kunnskapsnivået og som bidrag til den offentlege diskusjonen. Vi er likevel kritisk til delar av innstillinga. Dei indikatorane som er valt, dekkar ikkje heile spekteret av vitskapleg formidling for eit breiare publikum enn det vitskaplege samfunnet. Vi meiner dessutan at det er lagt inn indikatorar som det kan setjast spørjeteikn ved i høve til kva som kan passera som slik formidling. Våre kommentarar går på dei tre første ledda i modellen: omsetning, innovasjon og publikasjonar. Til det siste først, då det står mest sentralt for vårt fagområde.

#### *Publikasjonar*

Publikasjonar er den tredje av fem indikatorar i modellen. Her vil vi problematisera tre forhold:

For det første kravet om at publikasjonane skal vera på *nasjonalt* nivå. Det er to grunngevingar for dette: At informasjonen ikkje blir liggjande lokalt i institusjonane sjølve og at det ikkje bare skal ha "begrenset spredning lokalt" (s. 21). Det er underleg i dag å sjå ei slikt snever nasjonalstatleg ramme for kva som skal vera målgruppe for forskingsformidling. Det utelukkar for det første formidling til eit lokalt og regionalt publikum av forskingsresultat som primært er viktig lokalt eller regionalt, til dømes i utviklingsarbeid, arbeid med museums- og reiselivsprosjekt m.m. Dette er også pussig fordi det blir gjort til eit poeng at studentoppgåver skal kunne telja med som formidling fordi dei kan bidra til regional utvikling (s. 30). Men formidling frå vitskapleg tilsette som kan bidra til regional utvikling skal altså ikkje telja. Dessutan utelukkar ei slik nasjonalstatleg avgrensing formidling i ein transnasjonal og internasjonal samanheng.

For det andre legg innstillinga opp til same kriterium for godkjenning av publiseringskanal som for forskingskomponenten, nemleg at formidlingskanalen skal vera

nasjonal, både når det gjeld bøker og tidsskrift (21f). Det utelukkar institusjonane sine skriftseriar (som ikkje gir utteljing som forskning på grunn av lokal forankring). Dette er særleg underleg fordi "forskerrettet formidling" er ein eigen kategori ved sida av "allmennrettet formidling" (s. 10). Slike publikasjonar når sjølv sagt eit breiare forskingspublikum, sjølv om redaksjonen og utgivinga er lokal. Dette kriteriet utelukkar også bygdebøker og andre typar oppdragsarbeid som er gjort på ikkje-kommersielle premiss (i kombinasjonen av grunnforskningsmotiv og allmennkulturell formidlingsinteresse), bidrag til museumskatalogar etc. Det blir gjort svært mykje forskning og forskingsformidling i slike publiseringskanalar, som i dag ikkje gir utteljing i høve til forskingsindikatorane, men som etter denne innstillinga heller ikkje skal telja som formidling. Eit intervju i NRK eller i ei avis skal kunna gi utteljing, men ikkje artiklar og bøker som det ligg mykje meir arbeid bak, men som altså ikkje tilfredsstillar det anakronistiske kravet om nasjonal rekkevidde.

For det tredje fell publisering i tidsskrift som ikkje er definert som "fagtidsskrift" utanfor. Det kan tolkast som at viktige allmennkulturelle tidsskrift som Samtiden, Syn og Segn m.fl (som har nasjonal forfatar- og lesarkrets) fell utanfor, slik at artiklar her – som er viktige for den offentlege samtalen og som regel er forankra i spesialkompetanse hos forfatarane – verken vil telja som forskning eller formidling.

### *Omsetning og innovasjon*


Nasjonalt fagråd er på prinsipielt grunnlag skeptisk til den sterke vekta som er lagt på å gi utteljing for formidling som er knytt til kommersialisering. Her vil vi visa til den drøftinga som er gjort av professor Edgeir Benum i Nytt Norsk Tidsskrift 1/2003, der han med døme frå USA viser korleis dette kan undergrava grunnleggjande verdiar ved universiteta og høgskolane. Vi merkar oss at dette har kome inn etter påtrykk frå departementet etter at "Saman om kunnskap 1" kom. Det er uheldig at forskning som krev hemmeleghald (til dømes patenter og etablering av bedrifter) skal premierast gjennom finansieringssystem knytt til universitet og høgskolar som institusjonar. Her må ein finna andre stimuleringsordningar. Det framstår også som uforklart kvifor studentarbeid knytt til bedriftskontakt skal gi dobbelt utteljing (både studiepoeng og formidlingspoeng). Det grensar til det komiske når det heiter på side 15 at "Studiepoengproduksjon tilføres en ekstra kvalitet ved at prosjektarbeidene gjennomføres i samarbeid med arbeidslivet".

Nasjonalt fagråd for historie håper at våre synspunkt vil bli ført vidare etter høyringsrunden.

Bergen, 22. november 2006



Nils Kalle  
leiar



Britt Kristin Holsen  
sekretær